



DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 23

(2005–2006)

Om endring av løyvingar mv. for 2005 på Samferdselsdepartementets område

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 25. november 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Samferdselsdepartementet legg i denne proposisjonen fram ein del saker under programkategori-ane 21.10 Administrasjon m.m., 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Post og telekommunikasjonar.

Proposisjonen gjeld desse sakene:

- Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1300, post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar, med 2,2 mill. kr mot tilsvarende reduksjon av kap. 1301, post 21 Utgreiningar om miljø, trafikktryggleik mv.
- For prosjektet E18 Momarken – Sekkelstengjer departementet greie for styrings- og kostnadsramme etter ekstern kvalitetssikring.
- Samferdselsdepartementet orienterer om at staten kan ta ein viss risiko for oljeprisutviklinga ved forhandlingane med ferjeselskapa om nye driftsavtalar.
- Stikkordet «*kan overførast*» blir foreslått tilføydd løyvinga under kap. 1330, post 74 Kompensasjon for el-avgift for elektrifisert skinnegåande transport.
- Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 1350, post 22 Omstrukturingskostnader, med 30 mill. kr.

- Det blir foreslått å korrigere feilføring i Jernbaneverkets rekneskap for 2004.
- Løyvinga på kap. 4380, post 01 Diverse avgifter og gebyr, blir foreslått auka med 1,322 mill. kr.

2 Programkategori 21.10 Administrasjon m.m.

Kap. 1300 Samferdselsdepartementet (jf. kap. 4300)

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar

Samferdselsdepartementet er medlem i fleire internasjonale organisasjonar. EØS-komiteen har vedteke å innlemme europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 881/2004 om oppretting av eit europeisk jernbanebyrå (ERA) i EØS-avtalen ved endring av vedlegg XIII Transport. Utanriksdepartementet har i St.prp. nr. 6 (2005-2006) lagt fram for Stortinget godkjenning av vedtaket i EØS-komiteen. I proposisjonen er det lagt opp til at det årlege tilskotet frå Noreg til drifta av ERA blir dekt på Samferdselsdepartementets budsjett (kap. 1300, post 70). For 2005 er tilskotet frå Noreg på om lag 2,2 mill. kr. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1300, post 70

Tilskot til internasjonale organisasjonar, med 2,2 mill. kr, jf. omtalen under kap. 1301, post 21.

Kap. 1301 Forsking og utvikling mv.

Post 21 Utgreiingar om miljø, trafikktryggleik mv.

Departementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 1301, post 21 Utgreiingar om miljø, trafikktryggleik mv., med 2,2 mill. kr, jf. omtalen under kap. 1300, post 70.

3 Programkategori 21.30 Vegformål

E18 Momarken – Sekkelsten

Prosjektet er sist omtalt i St.prp. nr. 1 (2005-2006), side 107.

Det er no gjennomført ekstern kvalitetssikring av prosjektet. Samferdselsdepartementet legg etter dette til grunn ei styringsramme på 450 mill. kr og ei kostnadsramme på 490 mill. kr (omrekna til 2005-prisnivå). Dette er noko lågare enn det førebelse overslaget i St.prp. nr. 1 (2005-2006).

Prosjektet har ei statleg løyving på 25 mill. kr i 2005, medan det er venta eit forbruk på om lag 75 mill. kr. Meirforbruket er føresett stilt til disposisjon av bompengeselskapet gjennom uttak av mindreforbruk frå tidlegare år.

Kjøp av riksvegferjetenester – inngåing av driftsavtalar med intervall for risikotaking

Oljeprisen har i 2005 blitt høgare enn det budsjettet for riksvegferjedrift byggjer på. I St.prp. nr. 65 (2004-2005) blei det opplyst at utgiftene for ferjeselskapa til drivolje ville kunne bli 70 mill. kr høgare enn det som låg inne i driftsavtalane med ferjeselskapa. For at det ikkje skulle bli nødvendig med reduksjonar i tilbodet eller takstauke hausten 2005, blei løyvinga på kap. 1320, post 72 Kjøp av riksvegferjetenester, auka med 50 mill. kr ved handsaminga av St.prp. nr. 65/Innst. S. nr. 240 (2004-2005) i Stortinget. Det blei samstundes opplyst om at driftsavtalane med ferjeselskapa i framtida vil bli forhandla, såleis at selskapa får heilt ut ansvaret for inntekter og kostnader, også for oljeprisutviklinga.

Det er stor uvisse når det gjeld oljeprisen. Denne uvisse vil kunne ha ein pris i form av eit risikotillegg. Ut frå erfaringar dei siste åra reknar Statens vegvesen med at risikotillegget vil kunne bli monaleg. Samferdselsdepartementet meiner

det kan vere føremålstenleg å ha handlingsrom i forhandlingane med ferjeselskapa slik at staten kan ta ein viss risiko når det gjeld oljeprisutviklinga. I den samanhengen kan det m.a. vere fornuftig at selskapa tek risikoen for prisendringar innafor eit intervall over og under den prisen som ligg til grunn for tilskotsavtalen. Staten tek så risikoen for den delen av ei eventuell prisendring som går ut over (oppover eller nedover) dette intervallet. På den måten kan ein oppnå ei fornuftig deling av risiko mellom staten og ferjeselskapa når det gjeld oljeprisutviklinga, og totalt sett få ein betre avtale for staten. Det vil vere eit vilkår at eventuelle kostnader som gjeld avtalar med risikodeling blir dekt innafor Statens vegvesen sitt budsjett. Samferdselsdepartementet legg opp til at dette opplegget blir lagt til grunn for forhandlingane med ferjeselskapa i 2006.

4 Programkategori 21.40 Særskilde transporttiltak

Kap. 1330 Særskilde transporttiltak

Post 74 Kompensasjon for el-avgift for elektrifisert skinnegående transport

Løyvinga på posten utgjer i 2005 24 mill. kr. Departementet vil i 2005 utbetale ein førebels kompensasjon basert på forbruket i 2004. Sluttoppgjør skjer i 2006 ut frå dei endelege tala for forbruket i 2005. Ordninga er foreslått avvika frå 2006, jf. St.prp. nr. 1 (2005-2006). Departementet foreslår at kap. 1330, post 74 Kompensasjon for el-avgift for elektrifisert skinnegående transport, får tilføydd stikkordet «kan overførast», slik at ein kan halde tilbake ein del av løyvinga for 2005 for sluttoppgjør i 2006, jf. forslag til romertalsvedtak.

5 Programkategori 21.50 Jernbaneformål

Kap. 1350 Jernbaneverket (jf. kap. 4350)

Post 22 Omstruktureringskostnader

I samband med konkurranseutsetjinga av vedlikehaldet i Jernbaneverket er det i 2005 løyvd midlar til omstillingstiltak, jf. omtale i St.prp. nr. 65/Innst. S. nr. 240 (2004-2005) og St.prp. nr. 1 (2005-2006) og St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005-2006). Fleire personar enn rekna med har valt sluttpakke, etableringsstøtte og/eller studiestøtte med ein-

gongsutbetaling i 2005. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 1350, post 22 Omstillingskostnader, med 30 mill. kr.

Feilføring i statsrekneskapen

Baneservice AS ble stifta i desember 2003 for å førebu omdanninga av Jernbaneverkets forretningseining BaneService til aksjeselskap. Fram til omdanninga var gjennomført skulle utgiftene til selskapet dekkjast på kap. 1355 BaneService, post 70 Tilskot til drift, mot tilsvarende innsparing på kap. 1350, post 23 Drift og vedlikehald, jf. St.prp. nr. 29/Innst. S. nr. 90 (2003-2004) og St.prp. nr. 63/Innst. S. nr. 250 (2003-2004). Jernbaneverket utbetalte i 2004 godtgjersle til styret. Utbetalinga ble ved ein feil rekneskapsført på ein balansekonto og kom derfor på mellomværet mot statskassa (gjeld til statskassa) i staden for på kap. 1355, post 70. For å rette opp feilen i Jernbaneverkets rekneskap for 2004 foreslår departementet at Jernbaneverkets mellomvære med statskassa i 2005 blir korrigert med 1 080 000 kr mot konto for forskuvingar i balansen, jf. forslag til romertalsvedtak.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring av løyvingar mv. for 2005 på Samferdselsdepartementets område i samsvar med eit vedlagt forslag.

6 Programkategori Post og telekommunikasjonar

Kap. 4380 Post- og teletilsynet (jf. kap. 1380)

Post 01 Diverse avgifter og gebyr

I samband med lønnsoppgjeret for 2005 er Post- og teletilsynet tildelt 1,322 mill. kr i lønskompensasjon på kap. 1380, post 01 Driftsutgifter. Staten er sjølvfinansierande. Departementet foreslår derfor å auke løyvinga på kap. 4380, post 01 Diverse avgifter og gebyr, med 1,322 mill. kr.

Samferdselsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endring av løyvingar mv. for 2005 på Samferdselsdepartementets område.

Forslag

til vedtak om endring av løyvingar mv. for 2005 på Samferdselsdepartementets område

I

I statsbudsjettet for 2005 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1300		Samferdselsdepartementet (jf. kap. 4300)	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar, blir auka med frå kr 13 600 000 til kr 15 800 000	2 200 000
1301		Forsking og utvikling mv.	
	21	Utgreiingar om miljø, trafikktryggleik mv., blir redusert med frå kr 17 000 000 til kr 14 800 000	2 200 000
1350		Jernbaneanverket (jf. kap. 4350)	
	22	Omstruktureringskostnader, blir auka med frå kr 75 000 000 til kr 105 000 000	30 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4380		Post- og teletilsynet (jf. kap. 1380)	
	01	Diverse avgifter og gebyr, blir auka med frå kr 170 400 000 til kr 171 722 000	1 322 000

II

Stortinget samtykkjer i at:

1. stikkordet «*kan overførast*» blir tilføydd løyvinga under kap. 1330 Særskilde transporttiltak, post 74 Kompensasjon for el-avgift for elektrifisert skinnegående transport.
2. Jernbaneanverkets mellomvære med statskassa (gjeld til statskassa) blir i 2005 korrigert med 1 080 000 kr mot konto for forskuvingar i balansen for å rette opp feilføring i Jernbaneanverkets rekneskap i 2004.